

## Dugnaden i Bygdalaget 28 April 2012.05.06

Oppmøte i båthamna og på dei forskjellige arbeidsplassane kl.09.30.Fordeling av folk etter egne ynskjer,så langt det lot seg gjera.Det vart gjort arbeid på desse plassane :

Gravplassen:Det vart vaska gjerde og klednig på tårn,for maling seinare i sommar.Reinska stiar og plen for mose og lauv.Tilsammen 5 personar var her.

Langs vegen og ved Lurenskykkja vart det gjort oppryddingsarbeid av 4H laget med nokre vaksne.Dei var 19 stykker.

Båthamna,badesranda og båtbyggjarmuseet deltok 12 personar.2 stykker tok grovryddinga på badestranda på Fredag.Finpussen vart gjort på laurdagen,samnt alt grøntannlegg i båthamnområdet.Spyling av uteområdet.Maling av robåt,og festing av lause heller på båtmuseet.

Bedehuset var det 6 personar frå kvinne og familielaget som sto for matsserveringa.Med skraping av kledning og rydding ut var der 2 personar før mat og 4 etter mat.

På turstiane deltok 14 personar,fordelt med 9stykker på kulturstien og 5 på turstien på Samland.Rydding av nedblåste trær og rydding og brenning av småkratt.

Grannahuset var 9 personar i sving med å rydda rundt huset,vaska toaletta ,og opprydding i uthuset,samnt noko ombygging av uthuset for å få meir lagerplass.

Skuleområdet var det rydding av bed,og rydding av uthus.Oppsetting av stillas ved gymsal.Reprasjon av kjellarglas.Utbetring av lekkasje i taket på den gamle delen.8 personar var her.

Ballbingen var det 3 personar som sette opp nye gjerdestolpar,kosta bingen og rydda rundt bingen.Her fekk me ein del hjelp frå 4H.

Til sammen deltok 76 personar på dugnaden.Me fekk gjort mykje Men det står mykje att .Særlikt ein del malingsarbeid som må gjerast i løpet av sommaren.

For Bygdalaget:Sigmund Eiken.